



# Sammen om lesekultur

Oppsummering av verkstaden om å bygge lesekultur med  
dei yngste

Astrid Sundset Moe, kontakt:  
[astrid.sundset.moe@vlfk.no](mailto:astrid.sundset.moe@vlfk.no)

# Innhold

<b>Oppsummering av verkstad om å bygge lesekultur med dei yngste .....</b>	<b>3</b>
Hensikt og mål med verkstaden .....	4
Tema: leseglede .....	4
Tema: høgtlesing og leseaktivitet .....	6
Tema: kultur for lesing .....	9
Tema: ny barnelitteratur .....	11
Tema: bøker – tilgjengeleggjering .....	13
Digitalt skjema.....	15
Vegen vidare? .....	17

# Oppsummering av verkstad om å bygge lesekultur med dei yngste

Barnehage og bibliotek har felles mål om å gi barn 0-6 år ein god og tidleg start med lesing, som er forankra i Rammeplan for barnehagen og Nasjonal bibliotekstrategi. Konferansen Sammen om lesekultur – en konferanse for barnehage og bibliotek vart gjennomført 24.-25. april på Dronning Mauds Minne høgskole for barnehagelærerutdanning (DMMH) i eit samarbeid mellom Trøndelag fylkesbibliotek, DMMH og Vestland fylkeskommune. Konferansen la til rette for at bibliotektilsette og barnehagetilsette skulle møtast på tvers av profesjon og arbeidskvardag for å bli kjent og inspirert til å samarbeide lokalt om å nå fleire barnehagebarn og deira foreldre og føresette med bøker, lese lyst og lese glede.

Dette er ein oppsummering av verkstaden som handla om korleis vi kan bygge lesekultur med dei yngste. Den vart arrangert på dag to av konferansen. Oppsummeringa byggjar på stikkorda som vart samla inn på post-it-lappar, papirdukar og digitalt. Refleksjonane rundt stikkorda er basert på tema, innlegg og diskusjonar frå konferansen. Målgruppa for dette dokumentet er i første omgang dei som deltok på verkstaden, men håpet er at oppsummeringa kan vere nyttig for andre, anten dei deltok på konferansen eller ikkje. I avslutninga kjem eg med nokre forslag til tiltak basert på verkstaden og oppsummeringa.

Oppsummeringa av verkstaden er skrive av Astrid Sundset Moe, rådgjevar ved fageining bibliotekutvikling, Vestland fylkeskommune, som leia verkstaden og er koordinator for satsinga «Leselyst med dei minste» i prosjektet Formidlingskompetanse i folkebibliotek.

# Hensikt og mål med verkstaden

Hensikta med verkstaden var at deltakarane skulle dele kunnskapen dei har med seg gjennom praksis, bygd på erfaring og utdanning på tvers av profesjonar og arbeidskvardag. Dette ville ikkje nødvendigvis føre til umiddelbare konkrete tiltak og løysingar, men deltakarane skulle stille spørsmål, reflektere, dele informasjon, få idear, bygge relasjonar og bli kjent. Målet var at gruppene på kvart tema skulle sitte igjen med stikkord, refleksjonar, praksisdøme som kunne vere utgangspunkt og inspirasjon for å bygge eller vidareutvikle ein lesekultur med dei yngste.

## Organisering av verkstaden

Verkstaden hadde fem temabord: leseglede, høgtlesing og leseaktivitet, kultur for lesing, ny barnelitteratur og tilgjengeleggjering av bøker. Til kvart tema var det knytt eit eller to spørsmål.

Verkstaden føregjekk parallelt i to rom. Deltakarane blei fordelt i grupper med både bibliotek- og barnehagetilsette.

På kvart bord fekk gruppene ti minutt til diskusjon, der dei to siste minutta skulle bli brukt til å summere opp diskusjonen og skrive ned stikkord på papirduken på bordet. Neste gruppe kunne da sjå kva den førre gruppa hadde diskutert på bordet før dei gjekk i gong med sin diskusjon.

Når gruppene hadde gått ein heil runde (innom alle fem borda) og var tilbake ved startbordet, skulle dei bruke ti minutt på å finne fram til dei tre til fem viktigaste punkta for det aktuelle temaet.

Avslutningsvis var deltakarane oppmoda til å bruke litt tid på å anonymt melde inn i eit digitalt skjema kva dei personleg tok med seg tilbake til sin arbeidskvardag.

## Tema: leseglede

På bordet med temaet leseglede var spørsmåla:

- 1) Kva assosiasjonar har de til ordet *leseglede*?
- 2) Kvifor er det viktig med leseglede?

Dei to gruppene som fekk jobben med å summere opp temaet «leseglede» med utgangspunkt i stikkorda gruppene hadde skrive ned på duken, la fram desse punkta:

### Leseglede

- Lesing for lesinga si eigen skyld
- Rett bok til rett person (til rett tid)
- Inkluderande og felles opplevingar
- Helsefremmande (mindre stress)
- Lystlesing
- Tilfluktsstad
- Livsmeistring og utvikling
- Kos/fellesskap

Stikkorda over er i stor grad knytt til lesinga sin verdi, og vitnar om haldning til lesing og litt om korleis ein legg til rette for leseglede.

Lesinga sin verdi i form av litteraturen sin eigenverdi, kjem til uttrykk i stikkord som «lesing for lesinga si eigen skyld», «lystlesing» og «kos». At lesing også har ein nytteverdi som følge av lesing og leseglede, vitnar stikkord som «helsefremmande (mindre stress)», «livsmeistring og utvikling» om. Punktet «kos/felleskap» peikar på det sosiale aspektet ved lesing, som stikkorda «livsmeistring og utvikling» og «inkluderande og felles leseopplevingar» også uttrykker, og som er ein viktig verdi ved høgtlesing. At lesing og leseaktivitet kan vere ein «tilfluktsstad» kan bli knytt til «livsmeistring og utvikling», medan «rett bok til rett person» (til rett tid) siktar til korleis leseopplevingar kan få verdi og vere avgjerande for den enkelte.

I tabellane under kan de sjå kva som vart notert frå gruppediskusjonane i kvar runde.

Stikkorda frå grupperom A:

Runde 1	Runde 2	Runde 3	Runde 4	Runde 5
Lystbetont	Interessert	Til stade: her og no!	Leser for lesinga sin skyld	Velje bok sjølv
Stort utval og tilgjengeleg	Indre motivert	Kommunikasjon og engasjement	Helsefremjande (mindre stress)	Lesedugleik
Innleving	Meistring	Felles referanse til leik	Meistring	Frivillig lesing
Engasjerte vaksne	Gjentaking	Bygge ut lesinga	Gode opplevingar	Leseglede er kvalitet (ikkje rakk ned på boka som blir valt)
God tid	Fantasi	Sjå nokon bli oppslukt i eigen lesing	Gratis reise	Læring på mange nivå
God stad å sitte	Kreativitet	Noko menneskeleg ved lesinga (i fellesskap)	Nysgjerrigheit	Leseglede trumfar sosioøkonomiske status
Leseglede: inkluderande, felles opplevingar, leseglede trumfar litterær kvalitet	Tryggleik	Pause/flyt	Tryggleik og nærleik	Orienterer seg i tekst
Stimulerer fantasien med egne bilder	Fellesskap	Sunt for psykisk helse		Folkehelse
Litteraturglede smitter	Utvikling av språk, lese- og skivedugleik	Bli flink til å lese, viktig og nyttig!		
	Arbeide med kjensler og hendingar	Bygger robustheit		
	Empatisk kompetanse	Motstandskraft		
		Bli løysingsorientert		
		Meir empatisk		

Stikkorda frå grupperom B:

Runde 1	Runde 2	Runde 3	Runde 4	Runde 5
Kos/oppleving	Undring og humor	Engasjement	Oppleving,	Er det ein glede? meir ein visjon, må mase.
Språkutvikling/ordforråd/ lesedugleik	Fridom	Samhald	Fantasi, leve eit anna liv/drøyme seg bort forventning	Mykje leseglede utanfor bøker i t.d. spel, sosiale medium
Forstå kjensler	Fantasi	Glede seg til å lese	Inspirasjon	Leseglede i barnehagar
Livsmeistring	Læring	Spenning	Eigen tid	Leseglede assosiert med små barn, ikkje vaksne
Utjamne forskjellar	Felleskap: felles referansar for leik, identitet	Sosialt	Meistringskjensle	Leseglede assosiert med små barn, ikkje vaksne
Lystlesing	Ny måtar å tenkje på	Innbydande	Kjenne at ein høyre til	Kulturopplevingar
Næring for leik og fantasi	Lysten til å lese	Leseglede: viktig for øving, meistring i andre fag, felles opplevingar/felles referansar	Språkforståing – språkutvikling	Koseleg
Tilfluktsstad			Utvikling av empati	Leik
Magi og spenning			Estetiske opplevingar gir felles opplevingar og felles referansar	
Avkopling/stresse ned				

Stikkorda som vart plukka ut for å oppsummere temaet leseglede, er i stor grad dekkande for kva den enkelte gruppe noterte seg om temaet. Samstundes er det nokre punkt som stikk seg ut. Det gjeld t.d. spørsmålet om lesing i det heile kan vere ein glede? Leseglede er «ein visjon», og vi som vaksne må «mase». Mase kan vere eit negativt lada ord, men masing kan også vere det same som at vi som vaksne må vere pådrivarar for lesing. Noko anna interessant er at leseglede «blir assosiert med små barn, ikkje vaksne». Det freistar meg til å undre: Er det ein samanheng mellom denne påstanden og dalande leseglede og -dugleik i befolkninga? For om vaksne ikkje lenger finn glede i å lese, har barn da nok lesande rollemodellar? Eit anna stikkord som er verdt å nemne, er det om at leseglede «er kvalitet», altså at leseglede blir prioritert framfor litterær kvalitet. At ein, som det også står, «ikkje [skal] rakk ned på val av bok». Er det ingen samanheng mellom kvalitet og leseoppleving? Elles er det mange stikkord knytt til fantasi og oppleving, det sosiale ved lesing og kva nytte leseglede gir på kort og lengre sikt, som å jamne ut forskjellar.

## Tema: høgtlesing og leseaktivitet

På bordet til tema «Høgtlesing og leseaktivitet» var spørsmåla:

- 1) Korleis arbeidar vi med høgtlesing? (spontan/planlagt)
- 2) Korleis inviterer vi til lesestund?

Dei to gruppene som fekk jobben med å summere opp temaet «høgtlesing og leseaktivitet» med utgangspunkt i stikkorda gruppene hadde skrive ned på duken, la fram desse punkta:

#### Høgtlesing og leseaktivitet

- Skape nysgjerrigheit og begeistring
- Både planlagde og spontane leseaktiviteter
- Stimulerande lese miljø
- Bibliotek: planlagde høgtlesingar = meir formidling, meir «show»
- Barnehage: legge til rette for spontane lesingar (ikkje forstyrre/avbryte)
- Frå det spontane til det planlagde: bokprosjekt på bakgrunn av interesse
- Legge til rette for at ALLE blir lese høgt for
- Før-lesing: forventningar i forkant? Snakke om forside; eks. regnversbøker – gummistøvlar/paraply

Stikkorda over vitnar om at bibliotek og barnehage som arena for formidling og lesing har vore samtaletema for gruppene. «Bibliotek: planlagde høgtlesingar» og «Barnehage: legge til rette for spontane lesingar» tyder på ei rollefordeling eller i alle fall type av aktivitet som er assosiert med dei to arenaene, medan punkta «Både planlagde og spontane leseaktiviteter» og «Frå det spontane til det planlagde» peiker på at både planlagd og spontan høgtlesing/leseaktivitet eksisterer på begge arenaene og sannsynlegvis at begge delar er viktig.

I tillegg til miljøet for lesing, vitnar stikkorda over om at diskusjonen på bordet må ha handla om korleis inkludere alle i lesestunda og korleis skape engasjement for høgtlesinga.

I tabellane under kan de sjå kva som vart notert frå gruppediskusjonane i kvar runde.

Stikkord frå grupperom A:

Runde 1	Runde 2	Runde 3	Runde 4	Runde 5
Mykje planlagt med førebuing på biblioteket	Bibliotek: oftare planlagt enn spontant, oftare større grupper	Planlagd og spontane lesestunder i både barnehage og på bibliotek	Kjenn boka du skal lese høgt, vel bøker du sjølv liker	Bøker over tid: skodespel, konkretar, leik og forming
Meir spontant i barnehagen	Barnehage: både planlagt og spontant, små og store grupper	Bibliotek inviterer til lesestund med e-post	Vel aktuelle tema og magiske inngangar	Lesekorken (ein kork for kvar bok ein les saman med foreldre)
	Biblioteket inviterer dei voksne til å ta med barna på lesestund	Barnehage er det spontant, men også faste lesestunder	Lag magiske rom, t.d. bokesker (pynte)	Henge opp bilde frå boka i før ein les
	Barnehage har lesestund i vekeplan og personleg	På skulen er det i lunsjen	Innleving	Vaksne som rollemodell – vise engasjement
			Tilpassa lesinga til barna sitt nivå	Ha enkle konkretar eller pose/eske – skape spenning rundt kva ein har oppi der.
			Snakk om høgtlesing på foreldremøte	

			Sett seg ned barna og gjere dei nysgjerrige på bøkene	
			Inviter foreldre	

Stikkord frå grupperom B:

Runde 1	Runde 2	Runde 3	Runde 4	Runde 5
Bibliotek – planlagt	Barnehagen er ofte spontan med lesestund, MEN nokre barn treng tilrettelegging eller nokre tema	Tema «Larven Aldrimett» med eittåringar	Finne riktige bøker og riktige presentasjonsmøte	Bibliotek inviterer på lesing
Barnehage – spontant	Ikkje alltid sånn at urolege barn ikkje får med seg fortellinga	Viktig for biblioteket å vite «bestillinga» i forkant	Lære å vere gode formidlarar/høgtlesarar	Har fortsettelsesbok på bordet
Stimulerande	Barnehagen har også planlagde lesestunder (og tema)!	Både planlagde og spontane lesestunder i barnehagen	Dialogisk lesing	Eventyrstund i bålhytta om ettermiddagen
	Invitere ved nysgjerrigheit, sanseleg: lyd, lys osb. element som passar til	«Mørketidsles» ute i parken, høgtlesing kan også skje ute	Førebu høgtlesing	Planlegge for å sikre at det blir tid til lesing
	Sette seg midt i rommet ved eit bål		Finne leikne inngangar	Systematisere og masse innsats
	Vere merksam på barna, sjå barna		Finne sin eigen stil!	Flytte lesestund inn skogen, høler, under teppe
			Skape nysgjerrigheit	E-post
			Bibliotek: sende e-post til barnehagar og invitere eller ringe dei, del ut informasjon (bruk SoMe)	Plakatar
			Skap eit miljø for lesing rundt dei yngste	Vere tilgjengeleg i barnehagen
				Berre begynne å lese

Sjølv om innhaldet i stikkorda frå kvar enkelt runde er attkjenneleg frå dei overordna stikkorda som vart presentert først, kjem det tydelegare fram at kvar gruppe har diskutert korleis ein held formidlings- og/eller lesestund og tips og døme til korleis ein konkret kan løyse det. T.d. punktet og tipset om å «Ha enkle konkretar eller pose/eske for å skape spenning». Det er kanskje inspirert av innlegget Therese Paulsen hadde om lesestunder og bibliotekbesøk med dei yngste i barnehagen tidlegare på konferansen. Der fortalte ho m.a. om korleis ho brukte skoer, pynta dei og samla konkretar og bok i dei, så det vart ein forundringsspakke. Elles er det stikkord som «eventyrstund i bålhytta», «mørketidsles» og «lag magiske inngangar» til lesing. Til sist er det også konkrete døme på korleis



invitere både barnehagar og foreldre med småbarn på lesestund, og det å løfte høgtlesing med foreldre («Snakk om høgtlesing på foreldremøte»).

## Tema: kultur for lesing

På bordet til tema «kultur for lesing» var spørsmålet:

- 1) De er sikkert kjent med ordtaket «Det trengs ein heil landsby for å oppdra eit barn». Kva inneberer det om vi seier at det trengs ein heil landsby for å gjere barn til lesarar?

Dei to gruppene som fekk jobben med å summere opp temaet «kultur for lesing» med utgangspunkt i stikkorda gruppene hadde skrive ned på duken, la fram desse punkta:

Kultur for lesing
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lesande forbilde</li> <li>• Prioritering (av tid og ressursar)</li> <li>• Lesing overalt = lesing er viktig (jo fleire arenaer, jo betre)</li> <li>• Samarbeid (foreldre, bibliotek, barnehage osv.)</li> </ul>
<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Samarbeid på tvers av institusjonar (barnehage, skule, bibliotek, heim, helsestasjon)</li> <li>2. Mange lesande vaksne (rollemodellar)</li> <li>3. Lesing som rutine</li> <li>4. Tøyveskebiblioteket/ Berenettbiblioteket – bøker lett tilgjengeleg for alle</li> <li>5. Minibibliotek (telefonkiosk, ta ein bok, sett igjen ein bok – gjenbruk)</li> </ol>

Som de ser er gruppene frå dei to grupperomma ganske einige om kva som skal til. «Lesande forbilde», samarbeid på tvers, prioritering og rutine, samt at bøker er lett tilgjengeleg og synleg over alt er stikkorda for dette temaet.

Ser vi på stikkorda frå kvar enkelt runde, ser vi at mykje av det same går igjen.

Stikkord frå grupperom A:

Runde 1	Runde 2	Runde 3	Runde 4	Runde 5
Samarbeid på tvers: skule, heim, barnehage, bibliotek	Mange forbilde/rollemodellar som les	Leseforbilde	Tilgjengeleggjere bøker for familiar	Barn må sjå vaksne lese
Kommunikasjon	Lesing på ulike arenaer	Møte bøker på alle arenaer	Informasjon på foreldremøte	Normalisere lesing
Involvering	Gode lesevaner	Tøyveske/berenett-bibliotek	Helsestasjon oppmode til lesing	Tilgjengelegheit
Oppmoding til deltaking	Gode leseopplevingar	Lesing: Like viktig som å pusse tenner kvar dag		Kafebar/ turistforeiningshytter/ togstasjonar osv. må vere med (ta ein bok, sett att bøker)
Moglegheiter til deltaking	Bok som overgangsobjekt (barnehage-skule)	Lesing som rutine		Gi bøker i gåve til dei rundt oss

Bok som tryggleiksobjekt				
Språkkompetanse				
Mangfald av bøker				
Bøker og helse (hjerne og konsentrasjon)				
Barn er ulike – stimulere ulikt				

Stikkord frå grupperom B:

Runde 1	Runde 2	Runde 3	Runde 4	Runde 5
At fleire er opptatt av lesing gjer det lettare å oppretthalde lesing og støtte kvarandre	Fokus på viktigheita av høgtlesing på foreldremøte	Påverke foreldre på ulike måte	Mange leseforbilde	Mobilisering: felles løft for lesing i heile kommunen
Viss det ikkje lesast heime, kan barnehagen støtte: pushe foreldre, tilby lesing	Alle vaksne har eit ansvar for å vere gode leseforbilde	Barnehagen blir ein spydspiss, lesekampanjar i barnehagen	Mange arenaer for lesing	Politisk forankring: økonomi, bevisst satsing
Alle må samarbeide: bibliotek, barnehage, heim, forfattar		«Lure» foreldre inn i biblioteket med andre arrangement	Tidleg innsats	Rollemodellar: ansvarleggjering
Bokstart: barnet får bok på helsestasjon og bibliotek		Lesande forbilde	Trygge omgjevnader for lesing	Samarbeid – tverrfagleg
Berenettbibliotek i barnehagen		Stå fram som lesar!	Samarbeid med helsestasjon	Samarbeid – foreldre
			Barnehagebesøk	
			Barnehage i dialog med foreldre slik at de kan ta det (bøker og lesing) med heim	
			Lag tid og rom for lesing	
			Låne med bøker heim frå barnehagen	

Stikkorda frå begge grupperomma vitnar om at deltakarane er ganske einig om korleis ein kultur for lesing kan sjå ut som og kva det krev. Samarbeid mellom barnehage, helsestasjon, skule og bibliotek går igjen som dei viktigaste punkta både i oppsummeringa frå temaet som heilskap og frå kvar runde.

I stikkorda frå dei ulike rundane blir det også peikt på at foreldre er ei viktig målgruppe; «påverke foreldre på ulike måte», «Lure foreldre inn i biblioteket med andre arrangement» og «informasjon på foreldremøte» er konkrete døme på dette. At foreldre er ei viktig målgruppe leier over til det å ha lesande forbilde, som er veldig sentralt både gjennom oppsummering frå ulike rundar og i den heilskaplege oppsummeringa til slutt. I gruppediskusjonane blir kvar enkelt av oss oppmoda til å vere bevisst bøker og lesing, å vere ein type ambassadør for lesing, med stikkord som «gi bøker i gåve til dei rundt oss» og «stå fram som lesar!».

Stikkorda vitnar også om at for å få fram ein kultur for lesing, så må lesing bli rutine, framsnakka og verdsett høgare enn det kanskje blir i dag, noko som kjem enno tydlegare fram i punkt som «normalisere lesing», «lag tid og rom for lesing» og «like viktig som å pusse tenner kvar dag». Eit anna viktig punkt er at bøker må vere tilgjengeleg og synleg overalt, t.d. med stikkord som «lesing overalt = lesing er viktig (jo fleire arenaer, jo betre)» og «minibibliotek» («mange arenaer for lesing» og «trygge omgjevnader for lesing»). Altså heng det saman at bøker og lesing vere synleg og vi må velje lesing som aktivitet for oss sjølv og med barn.

## Tema: ny barnelitteratur

På bordet til tema «kultur for lesing» var spørsmåla:

- 1) Korleis blir vi kjent med ny barnelitteratur?
- 2) Kvifor er det viktig?

Dei to gruppene som fekk jobben med å summere opp temaet «ny barnelitteratur» med utgangspunkt i stikkorda gruppene hadde skrive ned på duken, la fram desse punkta:

### Ny barnelitteratur

- IBBY
- Bibliotek (samarbeid)
- Nettverk
- Boklister
- Speile samtida: mangfald, inkludering, oppdatert språk og bildebruk
- Viktig at foreldre også er oppdatert på ny litteratur
- IBBY kvart år
- Speile samfunnet og vere aktuell og innbydande
- Bruk biblioteket, bokhandlarane, aktuelle kurs og digitale arenaer
- Hjelpje kvarandre å spreie tips om godbitane

Her er det ein tydeleg overlapp mellom stikkorda, noko som vitnar om at diskusjonane på grupperomma har vore ganske lik. Når det gjeld korleis vi blir kjent med ny barnelitteratur er stikkord som IBBY, bibliotek og bokhandlarar noko av det som blir dratt fram. I tillegg at det er nyttig med nettverk, og å «hjelpje kvarandre å spreie tips om godbitane». Når det gjeld kvifor nyare litteratur er viktig er det einigheit om at den er viktig fordi den «speglar samtida» og at det har verdi. Mykje av dette finn vi att i gruppediskusjonane på begge romma. I oppstillinga av gruppediskusjonane, har eg delt inn svara inn i spørsmål ein, som var korleis vi blir kjent med ny barnelitteratur, og spørsmål to, om kvifor det er viktig å bli kjent med ny barnelitteratur.

Stikkord frå grupperom A:

Runde 1	Runde 2	Runde 3	Runde 4	Runde 5
1. IBBY-kurs: kan barnehage bli invitert Google Biblioteka Biblioteksentralen og kulturfondbøker Lesetipslister – aldersinndelt Forlaga 2. Speiler samtida Mangfald Oppdatert språk og bildemateriale Inkludering	1. Lokal bokhandlar Barn/elevlar foreslår bøker Medium/avisar 2. Relevans	1. Sosiale medium Nettverk Barnehagane fekk delta i utval Kurs av fylkesbiblioteket til bibliotekarar 2. Samtidsmarkørar Både språk og relevans Ny endring i samfunnet Speil og vindauge	1. IBBY Boklister, Biblioteksentralen Topplister frå bokhandel Barnehage spør bibliotek (word of mouth) 2. Barna må ha litteratur frå sin kvardag Har ein oversikt er det lettare å sikre mangfald Ny litteratur speglar dagens samfunn	1. Besøk hos bibliotekar IBBY Privatpersonar 2. Noko går ut på dato Gjenkjenneleg Speglar samfunnet vi lever i Ny litteratur betyr ikkje at den gamle forsvinn Kulturen utviklar seg, det same gjer litteraturen Viktig for vaksne, viktig for barn

Stikkord frå grupperom B:

Runde 1	Runde 2	Runde 3	Runde 4	Runde 5
1. Bruk biblioteket IBBY Bokhandlar Tips kvarandre 2. Speglar samfunnet Innbydande og aktuell Oppdag godbitane	1. Biblioteket blir oppdatert på ny litteratur på jobb Barnehage må kjøpe dei eller få tilsendt Bokhandlar Nettsider Rettleiing frå biblioteket Besøke biblioteket Lese bokomtalar Bokkassar	1. Litteraturfestivalar Bokhandlar Tilsette må skaffe seg kunnskap om ny litteratur Nyheitsbrev 2. Skape: nysgjerrigheit og begeistring med nyare litteratur	1. På biblioteket På kurs (IBBY) Bokhandlar (forlagsmøte) Kollegar Familie og venner 2. Godt med variasjon, barna får oppleve litteratur som speglar dei og deira liv Oppdatert representasjon Lage nokre felles referansar	1. Barnebokdag – Biblioteksentralen Nyheitslister frå forlag Biblioteket – utstillingar Bokhandlar 2. Det må vere dagsaktuelt!

	Send e-post/ ring til biblioteket 2. Verda endrar seg: andre tider, andre konflikhtar Spegjar samfunnet Anna tempo i nyare litteratur			
--	--	--	--	--

Gruppediskusjonane er i veldig stor grad ein utdjuping og nyansar av den heilskaplege oppsummeringa som vart gjort til slutt. Her blir biblioteket, IBBY, Biblioteksentralen, bokhandlarar nemnt som gode stader å gjere seg kjent med nyare barnelitteratur, medan stikkordet «relevans» i stor grad summerer opp kvifor ny barnelitteratur er viktig å formidle til barna.

## Tema: bøker – tilgjengeleggjering

På bordet til tema «bøker - tilgjengeleggjering» var spørsmåla:

- 1) Kva vil det seie å gjere bøker og litteratur tilgjengeleg for dei yngste?
- 2) Korleis gjer vi bøker tilgjengeleg i rommet?

Dei to gruppene som fekk jobben med å summere opp temaet «bøker – tilgjengeleggjering» med utgangspunkt i stikkorda gruppene hadde skrive ned på duken, la fram desse punkta:

### Bøker – tilgjengeleggjering

1. Godt synleg, må bli stilt med fronten ut i rommet og i barnehøgde
  2. Attraktiv og variert boksamling
  3. Engasjerte vaksne
  4. Romsleg bokbudsjett for barnehage og bibliotek
- Bøker overalt
  - Bøker i barnehøgde
  - Gjere bøkene freistande
  - Mangfald i innhald og språk
  - Tilgjengelege og villige vaksne

Her ser vi at dei to gruppene speglar kvarandre i stor grad. Stikkorda adresserer korleis bøkene må vere synleg i det fysiske miljøet, at boksamlinga må vere allsidig og mangfaldig, at bøkene må vere overalt, freiste barna og at dei vaksne må vere engasjerte og villige lesarar. Dette oppsummerer også godt stikkorda kvar gruppe skreiv ned.

Stikkord frå grupperom A:

Runde 1	Runde 2	Runde 3	Runde 4	Runde 5
Ha bøker synleg og tilgjengeleg	Vere formidlarar	Formidling: høgtlesing av nye bøker	Lesemiljø må bli skapt – OVERALT!	Bøkene må ned frå den høge bokhylla
Budsjett/økonomi for både barnehage og bibliotek	Hente inn bøker i mange situasjonar og samanhengar	Barnehøgde på hyller og kassar	Lesing må bli prioritert	Stille fronten av bøkene ut mot rommet: bøkene freistar med fargerike framsider, viser fram tema, karakterar osv.
Tilsette som tek initiativ og viser leselyst og leseglede	Finne artige tilnærmingar og presentasjonsmåtar	Ikkje vere redd for at bøkene blir øydelagt	Bøker må vere godt synleg	Fine stader å sitte med ei bok
	Skape entusiasme og nysgjerrigheit	Litt enkel brukaropplæring – alt kan teipast!	Lesing der ungane er – både inne og ute	Møte barna på deira premiss (nokre barn vil lese sjølv, andre vil ha ein vaksen til å lese)
	Synlege presentasjonar i barnehøgde	Bytte ut, rullere bøker	Hyller med bøker i barnehøgde	Sjå boka konkret i praksis: døme frå Saupstadingen barnehage, der bilbøkene var å finne ved billeikene
	Attraktiv boksamling, variert og aktuell	Plassere bøkene i miljøa på avdelinga: bamsebøker ved bamsane, bilbøker ved billeikar osv.	Bruk hole eller andre område ein kan gøyme seg vekk for å lese	Tilpasse møblar i barnehøgde
		Fronte bøker		Sette fram/synleggjer bøker i leikemiljø
		Ta med bøkene ut!		Møblar ein kan sitte inne i (t.d. holer) er populære
		Vise fram alle moglege tema		Vise bøkene på storskjerm når ein les høgt for gruppe
		Kopiere og henge opp karakterar frå bøkene på veggen		
		Pengar!		

Stikkord frå grupperom B:

Runde 1	Runde 2	Runde 3	Runde 4	Runde 5
Prioritere det i budsjett og tid!	Tilgjengeleg også fysisk	Bøker i alle rom	Ja-kultur (ja, vi kan lese!)	Barnehøgde
I barnas høgde	Barnas premiss	Bøker i barnehøgde	Kartonerte bøker	Korleis bruke ei bok?
Lese overalt	Gjenkjennelege historier	Fronten på bøkene ut		
		Leselogg		

Bøker ein naturleg del av kvardagen	Bruke kroppen/ leike boka	Fysisk format tilpassa dei yngste (kartong, taktile element osb.)	Freiste med fronting av bøker, lage utstillingar
Barnas interesser, men også utfordre på nye tema	Leike seg inn og ut av bøkene	Bøker tilgjengeleg på arenaer der barna er	Tilgjengeleg på ulike språk
Mangfald – språk og innhald	Konkretar frå boka og bevegelse	Vaksne som har tid til å lese	
	Multimodal lesepraksis	Bøker er ikkje rot! La dei ligge rundt omkring	
	Låne med seg bøker heim /berenettbiblioteket	Inkludering og mangfald	
	Tilgjengeleg i barnehøgde	Bilde på skjerm i høgtlesing (dokumentkamera)	
	Ikkje vere redd for å bruke bøkene!		

Frå stikkorda ser vi at synlege og tilgjengeleg bøker i det fysiske rommet (på alle stader), på ulike måtar, både inne og ute, har vore tema for diskusjonane, samt at bøker og lesing må bli prioritert i budsjett og i tidsbruk, og at engasjerte vaksne er nøklar i arbeidet (t.d. «vise leseglede», «ja-kultur»). Saupstad barnehage i Trondheim blir dratt fram som konkret døme. Esme Tahtaci og Hilde Fjelnset Holten frå Saupstad fortalte og viste fram korleis dei arbeidar med lesing og bøker tidlegare på konferansedagen, og kan definitivt vere eit godt døme på ein «ja-kultur» når det kjem til lesing og lesekultur. Dei viste fram det systematiske arbeidet barnehagen har gjort, m.a. med korleis bøkene var del av miljøet i barnehagen, at bøkene var å finne saman med leikane, ute når det var ver til det og i utstillingar. I tillegg til lesekkrokar ute, fortalte og viste dei også korleis dei la til rette for leseaktivitet i det fysiske miljøet m.a. ved å lage høler og lesekkassar barna kunne bruke til leseaktivitet og korleis dei inviterte til medverknad i lesestunder.

## Digitalt skjema

Etter å ha gått igjennom dei viktigaste punkta frå kvart tema, vart deltakarane oppmoda til å gå inn i eit digitalt skjema og skrive eitt til tre stikkord om kva dei konkret tek med seg heim frå verkstaden til sin arbeidskvardag. Her har eg sortert svara i kategoriar. Det er fleire stikkord som passar i ulike kategoriar, men eg har berre sett det opp under ein kategori. Bak nokre av stikkorda står det eit tal i parentes, og det er tal gongar ordet har blitt gjenteke i skjemaet.

**Bevisstheit om seg sjølv som leseforbilde**

- **Fronte eigen lesing/vere rollemodell**
- **Alle har ansvar for leseglede og lesemeistring. Gode forbilde**
- **Tilgjengelege og villige vaksne**
- **Å vere eit leseforbilde**
- **Inspirasjon til å spreie lesegledebodskapet!**

#### **Samarbeid på tvers**

- **Tverrfagleg samarbeid**
- **Barnehage og bibliotek må bruke kvarandre meir (3)**
- **Tøyveskebibliotek (2)**
- **Innblick i korleis barnehagane arbeidar**
- **Betre informasjonsflyt bibliotek/barnehage**
- **Foreldresamarbeid – inkludere/oppfordre foreldre i lesing med barna**
- **Samarbeid med bibliotek om bokliste/ny barnelitteratur**
- **Etterlyse meir samarbeid med barnehage, t.d. om bokprosjekt**
- **Lesande forbilde – informasjon på foreldremøte, gjeld både høgtlesing og ny barnelitteratur (2)**
- **At møte mellom barnehage og bibliotek burde skje jamleg og regionalt, sånn at vi kan samarbeide**
- **Høve til å uttrykke seg i fagmiljø**
- **Skal lage små bokpakker til alle barnehagane som kjem på besøk**
- **Grunnlag for samarbeid**

#### **Arbeid med det fysiske miljøet**

- **Skape stimulerande lese miljø**
- **Inspirerande leikemiljø – må ikkje sitte på ein stol for å lese**
- **Litteratur må vere lett tilgjengeleg i barnehøgde (2)**
- **Bøker i barnehøgde spreier bevisstheit om at bøker skal bli brukt**
- **Bøker tilgjengeleg overalt (5)**
- **Bad barna i bøker – lage fleire freistande utstillingar**
- **Legge til rette for spontan lesing**

#### **Lese glede**

- **Skape nysgjerrigheit og begeistring for bøker og lesing**
- **Fleire språk inn i bøkene!**
- **Nye bøker**
- **Felles opplevingar**
- **Bøker der leikar er, følgje leiketema (leikebilar + bøker om bilar=sant)**
- **Boka = felles grunnlag for leik**
- **Bli kjent med NAFO**
- **At å skape magi og nysgjerrigheit rundt bøker blir skapt av leik; anten i form av leikne objekt, tulle med normer, lage morosame leseholer eller konkretisere boka**

#### **Formidling/høgtlesing**

- **Litteratur må spegle lesarane**



- **Viktig med konkretiseringsmaterieil for å leike seg inni bøkene og forstå bøkene**
- **Konkreter inn i høgtlesing**
- **Leikorientert inngangar og utgangar til lesing**
- **Korleis vi tilbyr bøker**
- **Ulike måtar å formidle på**
- **Formidlingssituasjonar – prioritere det!!**
- **Bøker i overgangssituasjonar**
- **Formidle bøker med betre førebuing**
- **Sikre at alle blir lese for**
- **Vere fleksibel og ikkje halde meg så strengt til planen eg har lagt**

#### Kjennskap til litteratur


- **IBBY (5)**
- **Hjelpe kvarandre å spreie tips om godbitane**
- **Formidle ny litteratur til dei som treng hjelp til å oppdage den**

## Vegen vidare?

Å lese denne oppsummeringa vil gi mest til dei som var til stade og var del av samtalen. Noko som er tydeleg av stikkorda over frå verkstaden og konferansen generelt, er at det blir gjort mykje godt og grundig arbeid i både barnehage og bibliotek når det gjeld lesing med dei yngste. Likevel er det nokre punkt frå denne oppsummeringa som barnehagar, folkebibliotek og fylkesbibliotek kan ta med seg i arbeidet vidare for å styrke formidling og tilgang på litteratur i enno større grad. Dette er små og nokre litt større tiltak som til saman kan vere starten på meir lesing og bøker med barnehagebarn.

1. Tiltak for leseglede
  - a. Snakk med kvarandre om gode møte med litteratur, gode lesestunder med barn og gode bøker. Tiltak for leseglede rammer inn all aktivitet barnehagetilsette og bibliotektilsette gjer når det gjeld barn og bøker. Å snakke om *verdien* av å oppleve leseglede med kvarandre og foreldre og føresette, kan vere vel så viktig. For det er ikkje berre barn som treng motivasjon, det gjer vaksne også.
2. Tiltak for høgtlesing og leseaktivitet
  - a. Høgtlesing er inkludering. Ha rom for spontane lesestunder, men planlegg også leseaktivitet. Da er det ikkje berre dei som er vant til lesing som får oppleve bøker, men også dei som kanskje ikkje blir lese så mykje for. Med felles lesestunder i bibliotek og barnehage sikrar vi barna felles referansar for leik.
  - b. Bibliotek og barnehage må gjennom dialog tenkje på førebuing og etterarbeid i lag: Lån med boka som vart lese høgt tilbake til barnehagen, gi beskjed om kva bok og/eller tema høgtlesingsstunda i biblioteka skal ha osb.
3. Tiltak for å utvikle ein kultur for lesing
  - a. Samarbeid! Stikkord frå alle rundane med diskusjon vitnar om at alle rundt barna må vere med for å sikre ein kultur for lesing. Saman kan vi sikre dialog mellom barnehage, helsestasjon, foreldre/føresette og bibliotek.
  - b. Gjer lesing til rutine og til ein synleg del av prioriteringane! Meiner vi at lesing med dei yngste er viktig, må det kome til syne i alle delar av verksemda, både skriftleg, i planar og munnleg, i dialog.

- c. Les! Alle vaksne må bli tatt på fersken med ei bok. Barn treng lesande forbilde – vis at lesing er ein aktivitet for liten og stor (er du ikkje så glad i å lese? Fake it 'till you make it!)
- 4. Tiltak for å gjere ny barnelitteratur kjent
  - a. For deltakarar på verkstaden var det tydeleg at IBBY, som presenterer årets bøker til barn og unge ikkje var eit veldig kjent tilbod for barnehagetilsette. Ei utfordring går ut til folkebibliotek og fylkesbiblioteket: Korleis nå ut med dette tilbodet til fleire av barnehagane? No som ein har tilgang til å velje om ein vil delta fysisk eller digitalt, bør dette vere eit relevant og godt tilbod for å få ein oversikt over bøkene som er ny av året.
  - b. Del informasjon på tvers. Folkebibliotek har ofte best kjennskap til nyare norsk barnelitteratur, og det er ikkje berre barn, foreldre og føresette som bør få nytte godt av dette, barnehagetilsette bør også vere ei målgruppe for biblioteka sin formidling av bøker. Samstundes er det dei barnehagetilsette som kjenner barna best, og å kome til biblioteket med ønskjer om type bøker, tema eller liknande aukar sjansen for å treffe barna og vekke leselyst hos dei.
- 5. Tiltak for tilgjengeleggjering av bøker
  - a. Sjå på det fysiske miljøet på din arbeidsplass – kvar er bøkene? Er dei tilgjengeleg i barnehøgde? Overalt? Er det områder der ein kan trekke seg litt tilbake med ei bok? Leike med ei bok?
  - b. At bøker er tilgjengeleg krev samarbeid mellom barnehage og bibliotek (utlån) og bokbudsjett til innkjøp av bøker – både i barnehagen og i bibliotek.



vestlandfylke.no